



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Sluppen
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref
16/52-1

Dato
06.01.2016

Statsbudsjettet 2016 – Oppdragsbrev til Siva SF

1. Økonomisk ramme til disposisjon for 2016

I dette oppdragsbrevet gjev Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ramma til Siva over kap. 552, post 72 og delegerer forvaltninga til Siva.

Departementet viser til Prop. 1 S (2015–2016) for departementet og Innst. 16 S (2015–2016). Det er laga egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 552, post 72 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for Siva i 2016.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kroner
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling (inkl. administrasjons- og gjennomføringskostnader)	85 500

Departementet stiller totalt 85,5 mill. kroner til disposisjon for Siva i 2016.

2. Mål for Siva og andre fellesføringar frå departementa

Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF* slo fast målstrukturen for Siva. KMD viser til oppdragsbrevet for 2016 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar.

3. Føringar i oppdraget frå KMD

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å styrkje vekstkrafta og sikre gode levekår i alle delar av landet. Regjeringa fornyar regionalpolitikken gjennom å ha ei breiare tilnærming, der

utvikling av samspelet mellom byane og regionane omkring og betring av næringslivet sine generelle rammevilkår blir prioritert. Dette skal medverke til berekraftig regional utvikling – økonomisk, sosialt og miljømessig. Vidare målrettast den distriktspolitiske innsatsen ved å prioritere nærings- og bedriftsretta tiltak.

I Prop. 1 S (2015–2016) har departementet presentert målstrukturen for dei regional- og distriktspolitiske verkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Dei nasjonale verkemiddelaktørane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla.

Virkemidla under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk skal stimulere til regional utvikling og styrkje vekstkrafta i område der geografiske og demografiske føresetnader gir utfordringar for vekst og utvikling.

Oppdraget til Siva under denne programkategorien skal vere knytt til departementet sitt hovudmål 1: *Auke verdiskapinga, sysselsettinga og eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv.*

I hovudsak skal midlane nyttast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Midlane skal vere utløysande for prosjekta som får tilsegn, samt vere i samsvar med regionale utviklingsstrategiar.

Departementet ber Siva føre vidare samarbeidet med fylkeskommunane, kommunane og andre aktørar for å medverke til ei god regional utvikling.

Departementet legg vekt på at prosjekta skal vurderast etter kvalitet. Innanfor desse rammene er målet at minst 40 pst. av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

Midlane skal vidare prioriterast innanfor rammene av Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, og bli forvalta på ein effektiv måte.

3.1 Næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet

Departementet ber Siva leggje til rette for auka verdiskaping hos verksemdene i næringshageprogrammet. I samband med det skal Siva leggje til rette for både bedriftsetableringar og vekst i eksisterande verksemdar.

Vi legg til grunn at næringsmiljø innanfor det distriktspolitiske verkeområdet blir prioriterte både når det gjeld vidare utvikling av eksisterande miljø og eventuelle opptak av nye miljø.

Departementet ber Siva arbeide aktivt for å sikre eit tilbod av både inkubatortenester og næringshagemiljø i alle delar av landet og leggje særleg vekt på å utvikle tilbod for idear og verksemdar med vekstpotensial innanfor det distriktspolitiske verkeområdet.

Departementet legg til grunn at programma blir gjennomførte i samsvar med programplanane og tilpassa dei årlege økonomiske rammene.

Inkubasjonsprogrammet skal gå over 2 x 5 år frå 2012, med ei evaluering etter dei første fire–fem åra. Evalueringa skal vere avgjerande for vidareføringa og innretninga i andre programperiode. Siva må føre rekneskap som gjer det mogleg å identifisere kva for inkubatorar ein opererer med på dei ulike stadene, og kvar ein har nytta midlar frå dei ulike departementa.

Midlane til inkubasjon kan ikkje nyttast til etablering av eigenkapitalinstrument.

Departementet ber Siva halde fram med å prioritere kvinner og medverke til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiing og styre.

Bruk av overførte midlar

Etter avtale med KMD kan overførte midlar nyttast der Siva vurderer at innsatsen gjev best resultat.

4. Administrative føringar

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2016. Felles rapporteringskalender for 2016 følgjer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

5. Departementsspesifikke administrative føringar frå KMD

Siva skal varsle departementet om avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrevet straks Siva får kjennskap til slike avvik.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane og kommunane

Departementet ber Siva føre vidare samarbeidet mellom Siva, Innovasjon Noreg og Forskringsrådet, mellom anna om felles programsatsingar.

Kommunikasjon og informasjon

Siva skal aktivt synleggjere resultat selskapet har oppnådd innanfor politikkområdet, både overfor departementet og eksterne målgrupper. Kommunikasjonsarbeidet i Siva skal vere tufta på statleg kommunikasjonspolitikk og gjeldande regelverk. Departementet ventar at Siva tek kontakt med departementet om saker som den politiske leiinga kan medverke til å gjere synlege.

Siva skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av relevante utgreiingar eller rapportar som Siva har laga eller tinga. Siva må følgje etablerte varslingsrutinar mellom Siva og departementet.

Rapportering

Departementet ber om at Siva held fram med å rapportere om utviklinga i prosentdelen kvinner i programma etter tidlegare definisjonar.

KMDs målstruktur er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet (vedlegg 3).

Overføring av midlar

Departementet overfører midlane i tre delar – i februar, juni og oktober 2016. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2015.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)
ekspedisjonssjef

Ole M. Aurdal
fagdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:

Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Nærings- og fiskeridepartementet	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Oslo fylkeskommune	Rådhuset	0037	OSLO
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Norges forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
	Bedriftssenteret		
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Distriktssenteret	Ogndalsvegen 2	7713	STEINKJER
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ

Riksrevisjonen	Postboks 8130 Dep	0032	OSLO
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ